

# Bestandsplan for Storvalda i Naustdal Kommune 2017- 2020



**Føreord**

Dette er bestandplanen for Storvalda i Naustdal Kommune, for treårsperioden 2017-2020. Planen er laget av dei 7 Storvald leiarane i Naustdal kommune.

Planen er ei skildring av hjorteførekost i tillegg til tiltak for å nå ynskja målsetting. Jakta føregår i valda/Jaktfelt slik den har gjort før og dette vil ikkje verte endra på. Ein kan likevel om ein vil, legge opp til flytting av løyver internt i bestandsplanområde, men då må det ligge føre ein skriftleg avtale.

## **Innholdsliste**

1.	Områdeavgrensing og planperiode.....	4
2.	Målsetting.....	4
3.	Status.....	4
4.	Handlingsdel.....	5
5.	Oversikt og medlem og løyvetal.....	7
6.	Rullering og evaluering.....	9

## 1. Områdeavgrensing og planperiode

Det ble i Naustdal Viltråd bestemt at det skal lages en felles bestandsplan for de 7 storvalda i kommunen. Viltrådet såg det ikkje mulig å inngå som en del av foreslått Planområde 12.

## 2. Målsetting

*For at ein skal kunne styre mot ei ynskja utvikling er det naudsynt med konkrete, målbare og tidfesta målsettingar. Måla skal ta omsyn til offentlege krav og føringar som ligg til grunn for hjorteforvaltning. Planområde ser det likevel som viktig av planen er basert på lokalt forankra målsettingar, ein legg difor til grunn at det kan vere ulike ynskjer mellom medlemmar i bestandsplanplanområde.*

Forskrift om forvaltning av Hjortevilt har krav om at grunneigaranes bestandsplanar skal ta omsyn til offentleg målsettingar.

### Hovudmål:

Hovudmålet for denne planperioden er å stabilisere stamma i tal på dagen nivå. Dette skal gjerast innafor berekraftige rammer for landbruket, skogbruket og andre samfunnsinteresser. Ein legg vidare til grunn ei målsetting om ein føreseieleg bestandsutvikling til gode for hjorteforvaltninga og andre samfunnsinteresser

### Delmål:

- Det er eit mål å stabilisere stamma i tal på dagen nivå
- Det er eit mål å auke alder i bestanden.
- Det er eit mål å auke kvaliteten (vekt) på dyra i bestanden

## 3. Status

For statusen i bestanden, legg ein til grunn sett hjort, fellingstal med slaktevekte og lokalkunnskap. Ein legg til grunn at sett hjort materialet er av god kvalitet. Det har dei siste 3 åra vore felt mellom 306 og 407 dyr innanfor grensene til planområdet, og det ser ut til at ein etter nokre få år med litt færre felte dyr, og redusert sett hjort per jegerdag, no i 2016 fekk ein auke igjen. Vi ser og at det har blitt skote fleire kalvar dei siste åra, og at det totale kalveuttaket i 2016 er på om lag 22,4%. Denne utviklinga er gledeleg, og noko planområdet vil jobbe vidare med å utvikle.


NINA sitt overvakingsprogram ligg til grunn data om alder på dei skotne dyra. Sjølv om ikkje Naustdal har vore med i dette, er det ingen grunn til å tru at tala skulle vere ulike her, sidan avskytinga har vore relativt lik. I dette talmaterialet ser vi at bestanden er ung. Dette er ei stor utfordring med tanke på kvalitet og produksjon i bestanden, og eit viktig satsingsområde for planområdet i denne planperioden.

Når det gjeld bestandens samansetting i høve kjønn, syner sett hjort at kolle per bukk ligg jamt på om lag 2:1. Dette er i grenseland i høve kva ein meiner er eit greitt kjønnsforhold, og planområde vil jobbe for å auke tal eldre hanndyr i bestanden.


Under følgjer samanstilling av fellingstal, sett hjort og overvakingsdata for planområde

År	2014	2015	2016
Prosent felt hannkalv	10,7	10,9	10,6
Prosent felt hunnkalv	8,7	8,1	11,8
Prosent felt hanndyr 1 ½ år	23,7	23,7	21,8
Prosent felt hunndyr 1 ½ år	25,8	25,7	22,7
Prosent felt hanndyr eldre	15,8	16,8	16,7
Prosent felt hunndyr eldre	15,3	14,8	16,4
Antall felte dyr	392	358	432


Tabell 1: Syner kva som er skote av dyr i perioden 2014 - 2016




Figur 3: Syner snittalder for dei skotne dyra i perioden 1991 - 2014



Figur 4: Syner sett hjort- tal for Naustdal dei siste 12 åra.



Figur 5: Syner sett hjort- tal for årsleveområdet dei siste 12 åra.



**Figur 5:** Syner endring i jakttrykk på ulike kjønns og aldersgrupper i bestanden. Jakttrykket aukar på kalv og minkar på eldre dyr.

#### Oppsummering:

Statusgrunnlaget indikerer ein bestand som er, og har vore stor. Det er variasjonar i dette innanfor perioden vi har tal for, men det kan sjå ut som om at trenden vi har hatt dei siste tre åra, med reduksjon i tal hjort, no er endra til ein auke. Dette kan ein sjå i både sett hjort og fellingsdata. Det er i og for seg også ein venta utvikling, når ein ser at avskytinga dei siste åra har auka litt på kalvar.

#### 4. Handlingsdel

Planområdet legg til grunn målet om å stabilisere bestanden i tal på dagens nivå, og at ein mest truleg bør skyte litt fleire dyr i planområdet enn ein gjorde i 2016 (407hjort). Årsaka til det er at vi ønskjer å heve snittalder og betre vektene på dyra, og då må vi skyte meir kalvar og ungdyr enn det vi gjer i dag. Ein venta effekt av ei slik dreining i avskytinga er produksjons- auke, og bestandsvekst. Det er difor naudsynt med litt høgare felling no fram over, enn kva vi gjorde i 2016.

Det må vidare skytast litt færre hanndyr, men denne endringa er ikkje veldig stor sidan det vert felt om lag 16% hanndyr eldre enn 1,5 år.

For bestandsplanområdet legg Vilrådet til grunn å oppretthalde løyvetalet, med å dreie avskytinga meir mot unge, ikkje produserande dyr og behalda høgare del produktive dyr i bestanden etter jakt.

Storvald lederene oppmoder jegerne om å "spare" store/eldre bukker. Dette sikrer at de eldre bukkane får gjort "jobben" sin.

Det oppfordras å skyte mest mulig "små" dyr og heller la dei "gode emna" leve vidare.

For bestandsplanområdet skal den fordelinga av faktisk felte dyr – årleg avskyting - i sum og for kvart vald følgja slik fordeling:

Kalv MINIMUM 25 %

Ungdyr MINIMUM 45 %

Hanndyr Voksne Maks 15 %

Hodyr Voksne Maks 15 %

**Husk at det kan felles kalv på alle løyver. Det kan og skytes kjønnsbestemte ungdyr på voksen løyva.**

**I tilfeller et storvald eller jaktfelt IKKE finner det forsvarlig og ta ut tildelt kvote voksne dyr anbefales det å ta ut disse dyrene som kalv. Uttak av kalv er det som minst påvirker bestanden.**

Skrapdyrordninga skal vidareførast for å stimulere til uttak av små dyr.

Skrapdyrvektene vert og vidareførte, og er som følger:

Ho Kalv:	20 kg	Dyr skutt etter 10 Oktober
Hann Kalv	22kg	Dyr skutt etter 10 Oktober
Vaksne Hodyr:	40 kg.	
Vaksne Hanndyr:	42 kg.	

Vi forstår at avskytinga må leggjast om for å nå måla som er sett. Det må skytast færre vaksne dyr, og meir unge dyr, særleg kalv.

Valda vil ha årleg kjønns- og aldersfordelt tildeling lik avskytingsplanen. Valda vil ha fleksibilitet for flytting av løyver mellom år og mellom vald kvart år. Forskrifta set krav om skriftleg avtale om slik flytting av løyve mellom valda. Bestandsplanen er slik skriftleg avtale der alle vald avtalar at ein kan flytte løyve mellom valda i heile jaktperioden kvart år.

### Rapportering

**Rapportering av skutte dyr SKAL skje fortløpande på: [www.settogskutt.no](http://www.settogskutt.no)**

Hoder på felte dyr skal kunne framvises for eventuell kontroll av SNO/Kommune inntil 2 døgn etter felling.

Jaktfelt ansvarlig har ansvar for at rapportering skjer og at hoder kan framvises for kontroll.

## 5. Oversikt og medlem og løyve tal

Desse valda er med i samarbeidet og søker om slike løyve tal pr år og samla for planperioden:

<b>Midtre Naustdal Storvald</b>				
Type Dyr	2017	2018	2019	Totalt
Frie Dyr	148	148	148	444

<b>Naustedalen Nordside Storvald</b>				
Type Dyr	2017	2018	2019	Totalt
Frie Dyr	90	90	90	270

<b>Nedre Sørsida Storvald</b>				
Type Dyr	2017	2018	2019	Totalt
Frie Dyr	105	105	105	315

<b>Vevring Storvald</b>				
Type Dyr	2017	2018	2019	Totalt
Frie Dyr	107	107	107	321

<b>Horstad og Solheim Storvald</b>				
Type Dyr	2017	2018	2019	Totalt
Frie Dyr	40	40	40	120

<b>Sørsida Storvald</b>				
Type Dyr	2017	2018	2019	Totalt
Frie Dyr	55	55	55	165

<b>Instedalen Storvald</b>				
Type Dyr	2017	2018	2019	Totalt
Frie Dyr	50	50	50	150

## 6. Rullering og evaluering

Styret for bestandsplanområdet gjer årleg vurdering av bestandsutviklinga og tilrår justeringar. Styret har ikkje mynde over valda i samarbeidet. Det er valda sjølve som skal syte for at naudsynte justeringar blir gjennomført i valda slik at hovudmåla i bestandsplanen kan nåast.